

---

**Fra:** Øystein Holsen <oyholsen@yahoo.no>  
**Sendt:** 13. mars 2018 00:22  
**Til:** Linn Hagen; lindaas.idrettsraad@gmail.com  
**Kopi:** Ola Ragnvald Jordal; Nina Eide; Grethe Hansen Stemland; Robert Lorang Hansen; Øystein Holsen; Solfrid Marie Hindenes  
**Emne:** Innandørs arealbehov Osterhallen

Hei

Sendar eit førstegongs innspel til oppstartsmøte for hall Ostereidet.

Samarbeidsgruppa for Osterhallen ønskjer at følgande "tilleggsrom" blir prioriterte ved bygging av fleirbrukshall på Ostereidet:

**1. Inngangsparti/foaje** som kan fungere som ein møteplass for bygdene i krinsen. Eit slikt rom vil fungere som ein møteplass der ein avtalar aktivitetar utover det som foregår i hallen, avtale dugnadsløft i bygdene og byggje oppunder det frivillige arbeidet i vår del av kommunen. På grunn av avstandar og reisetid i krinsen er det naudsynt med gode fellesareal. Pr. i dag er det mykje venting i bilane fordi det ikkje finns fasilitetar for dette.

**2. Øvingsrom/sal for musikk og kultur** med tilhøyrande lager.

På Ostereidet er det lange tradisjonar for musikk og kultur. Me har skulemusikken, fleire kor og årleg musical-oppsetning. Desse treng betre tilhøve, både til øving men også framføring. Ein slik sal må innehalde kvalitetar som gjer at den også kan nyttast av ungdom som driv uorganiserte aktivitear som td. LAN-party, diskotek, osb.

**3. Kjøkken og kiosk**

Kjøkken dimensjonert for arrangement av ein viss storleik.

**4. Kontor idrett og kultur**

Ein ser allereie i dag behovet for faste tillinger for å følge opp drift av lag og hall. Følge opp stadig strengare forventingar frå forbund og føresette.

### **Oppsummering:**

Dette er hovudtrekka i det samarbeidsgruppa har arbeidd fram. Me legg til grunn at idrettsareala med garderobebeanlegg er ivaretakne i høve til standard for fleirbrukshall i håndballstorleik slik det står i veilederen for fleirbrukshall frå Kultur - og Kirkedepartementet.

Det er eit sterkt ønske å samle ulike typar aktivitetar i same bygg. Der alle kan møtast, anten ein driv med idrett eller kultur, i alle aldrar. Slik skapar ein engasjement, idear blir unnfanga og bygdene utviklar seg.

Me ser til Lindåshallen og Meland Aktiv og det dei har fått til der, og ønsker oss noko liknande på Ostereidet. Der snakkar ein om livet før og etter hall. Aktiviteten i bygdene har fått mykje betre tilhøve og det frivillige arbeidet blomstrar som følge av dei gode møteplassane.

Helsing

"Samarbeidsgruppa for Osterhallen"

**Øystein Hella Holsen**

**Kvammeneset**

**5993 Ostereidet**

**Mob 936 44 155**

[oyhollsen@yahoo.no](mailto:oyhollsen@yahoo.no)